

62. årgang · 1938

Nr. 1 · Januar

# NATUREN

ILLUSTRERT  
MÅNEDSSKRIFT FOR  
POPULÆR  
NATURVIDENSKAP

Utgitt av  
**BERGENS MUSEUM**

Redigert av  
prof. dr. phil. **Torbjørn Gaarder**

med bistand av prof. dr. phil. Aug. Brinkmann, prof. dr. phil. Oscar Hagem,  
prof. dr. phil. Bjørn Helland-Hansen og prof. dr. phil. Carl Fred. Kolderup

---

KOMMISJONÆR OG FORLAG: JOHN GRIEG - BERGEN

---

## INNHOLD:

HALVOR ROSENDAHL: Rembesdalsskåki og Demmevafn på Hard- angerjøkulen .....	1
EMIL KORSMO: Ugresssets skadevirkninger .....	19
BOKANMELDELSER: E. Hentschel: Hval og sel (O. S.) .....	28
SMÅSTYKKER: Olaf Hanssen: Nokre sermerkte steinar. — Edv. J. Havnø: Viltvoksende hvite roser. — B. J. Birkeland: Tempe- ratur og nedbør i Norge .....	29

---

Eftertrykk av „Naturen“s artikler tillates såfremt „Naturen“ tydelig angis  
som kilde og forfatterens samtykke er innhentet.

Pris

10 kroner pr. år  
fritt tilsendt

Dansk kommisjonær

P. HAASE & SØN  
København



# NATUREN

begynner med januar 1938 sin 62. årgang (7de rekkes 2nen årgang) og har således nådd en alder som intet annet populært naturvidenskapelig tidsskrift i de nordiske land.

## NATUREN

bringer hver måned et *allsidig lesestoff* fra alle naturvidenskapens fagområder. De fleste artikler er rikt illustrert. Tidsskriftet søker å holde leserne underrettet om *naturvidenskapenes maktige fremskritt* og vil bidra til større kunnskap om og bedre forståelse av vårt lands rike og avvekslende natur.

## NATUREN

har *tallrike ansette medarbeidere* i de forskjellige deler av landet og bringer også oversettelser og bearbeidelser etter beste utenlandske kilder.

## NATUREN

har i en årekke, som anerkjennelse for sitt almennyttige virke, mottatt et årlig statsbidrag som for dette budgettår er bevilget med kr. 800.

## NATUREN

burde imidlertid ha langt større utbredelse. Der kreves *ingen særlige naturvidenskapelige forkunnskaper* for å kunne lese dets artikler med utbytte.

## NATUREN

utgis av *Bergens Museum* og utkommer i kommisjon på *John Griegs Forlag*; det redigeres av prof. dr. TORBJØRN GAARDER, under medvirkning av en redaksjonskomite, bestående av: prof. dr. A. BRINKMANN, prof. dr. OSCAR HAGEM, prof. dr. B. HELLAND-HANSEN og prof. dr. CARL FRED. KOLDERUP.

# Rembesdalsskåki og Demmevatn på Hardangerjøkulen.

AV Halvor Rosendahl.

## 1. Litt historie.

Ved middagstid den 10. august 1937 braut vatnet seg atter ut av Demmevatnet bak Rembesdalsskåki på Hardangerjøkulen og gjekk i stor flaum ned i Simodalen, slik som det ofte gjorde i gamle dager, før Demmevatnet vart regulert 1895—1899.

På sine reiser i 1842 og 1843 såg P. A. MUNCH Demmevatn. Den skildringa, han gav, viser, at han heilt forstod naturen av dette vatnet og utbrotsfenomena. I reisemeldinga skreiv han, at fenomenet ikkje skjer oftare enn kvart 20de år, og at det då ikkje hadde skjett etter 1813. Det sette han i samband med, at jøkulen hadde minka mykje i dei siste åra.

HANS TVEIT i Simodalen fortalte meg, at det ein sundag i siste halvdelen av august 1861 gjekk ein stor skadeflaum, som det enno går fråsegn om i dalen. Om det har vore nokon storflaum millom 1843 og 1861 veit me ikkje.

Nokon stor skadeflaum høyrer ein so ikkje om før den store katastrofen 26. august 1893. I desse meldingane frå 1893 står det også, at Simodalen i dei siste åra har hatt mange større og mindre flaumer, men denne siste var den største av alle. Veg og bruer og 300 mål (30 ha) jord vart bortrivne. Fjorden utanfor Simodalen var so full av drivande tre og gods, at dampskipa ikkje kunde gå inn.

Kanalvesenet tok no til med å arbeida med saka for å søka å hindra, at ein slik katastrofe skulde koma att. I 1895 gjekk dei igong med å sprenga ein 365 m lang tunnel  $2 \times 2$  m i tverrmål gjennom austre ryggen av Luranuten for å halda Demmevatnet på eit lægre nivå. I 1896 under arbeidet med tunnelen braut vatnet enno ein gong ut. Tunnelen vart ferdig i 1899. Etter den tid har vatnet ståt roleg i den regulerte høgd inntil 10. august iår.

## 2. *Lithologisk-glasiologisk skapnad.*

Hardangerjøkulen er eit høgfjellplatå noko over 1800 m høgt og 120 km<sup>2</sup> i flate. Det er eit stykke innlandsis, som sender breer ned på alle kanter.

Fjellet under isen er eit isolert flak av det tektoniske dekket av krystallinsk stein (gneis, kvartsitt, hornblende-skifer m. m.), som i den kaledonske fjellbyggingstida for 400 mill. år sidan vart skove op på og bort over det fjellet, som låg der frå før, det autoktone. Det er no berre rester igjen av dette dekket. I nord står det i Hallingskarvet, i syd må me heilt til Hárteigen for å finna det.

Under det krystallinske overskovne dekket ligg den autoktone fyllittformasjonen, som er kambrisk og ordovicisk leirsifier. Den kann vera nokre hundrad m tjukk og er eit mørkt lett opsmuldrande skalberg. Under den er det gamle grunnfjellet av harde krystallinske bergarter, her mest granitt.

Denne lause lite motstandsøre fyllitten millom grunnfjellet og det krystallinske dekket er ophav til dei karakteristiske fjellformane, som ein ser både i Hallingskarvet, Hardangerjøkulen, Hárteigen og dei andre fjell med same bygnad. Den store bølgjande vidda er grunnfjellflata, plattaet oppe på fjella er det kaledonske skyvedekket. Fyllitten millom dei har mest bratte liketil utoverhangande vegger. I Hardangerjøkulen ser ein dette i dei framståande nutane, slike som Kongsnutane, Ramnabergnuten, Luranuten og Tresnutane. Når ein går frå Finse til Demnevatn, ser ein dette tydeleg.

Millom nutane går det ofte skridjøkler. Ein slik skridjøkul er Rembesdalsskåki, som går ned millom Luranuten og nordre Tresnut. I omkr. 1600 m høgd går breen utfør kanten av skyvedekket og bratt ned til Demnevasshytta, 1307 m o. h. Det ser ut, som om botnen av breen her er nede i fyllitten, som ligg under skyvedekket i Luranuten med fall inn under jøkulen. Breen får ei jamnare overflate utan so store sprekker som ovanfor. Frå hytta er det lett å gå over breen til Tresnut. Lengre nede går breen utfør kanten av grunnfjellflata ned i Rembesdalens gamle brebotn




Fig. 1. Kart over Rembesdalsskåki og omland. Dei 3 gamle geologiske formasjonane er avmerkte slik: 1. Grunnfjell. 2. Fyllit. 3. Tektonisk skyvedekke av krystallinsk skifer.

og har etter store åpne sprekker. Fyllittlaget er ved Rembesdalalen forholdsvis tynnt og gjer saman med den underliggende grunnfjellflata eit glatt og jamt underlag for breen.

Som ein kann sjå av kartet, er skyvedekket samanhengande millom Luranuten og Ramnabergnuten. Dalen millom dei to nutane haller mot aust konformt med dei

undre laga av dekket med fall inn under Hardangerjøkulen. Det er altso ikkje noko utlaup for vatn her. Vatnet må renna sydover dalen bak Luranuten og vidare millom Luranuten og Tresnuten ned til Rembesdalen. Her er det Rembesdalsskåki kjem ned frå aust og stenger dalen bak Luranuten og demmer vatnet op til ein sjø, som frå gamal tid har hatt namnet Demmevatnet. Som alt P. A. MUNCH såg, høyrer det i alle omsyn med til sjølve Hardangerjøkulen.

### 3. Glasiologisk-hydrologisk skapnad.

Frå vassdragsvesenetets hovedstyre i Oslo har eg fått desse opplysninger: Når ein set botnen like framfor breen lik 0,




Fig. 2. Lengdeprofil av Demmevatn.

slik som det er gjort i reguleringsplanane av 1895, ligg tunnelbotnen ved innlaupet på 78,6. Sidan tunnelen vart ferdig i 1899, har vass-standen ikkje vore vesentleg over denne høgda. Før tunnelen vart bygd, er det mælt vassstand på 102,5.

Etter det nyaste gradteigkartet ligg nedre Demmevatn i regulert høgd 1286 m o. h. Høgvass-stand vert etter det 1309,9. Som profilet fig. 2 viser, gjekk vatnet då over dei to øvre Demmevatna, slik at det berre var eit Demmevatn, som også dei gamle karta viser. Det har hatt ei overflate på omrent 107 ha og eit effektivt magasin på 35 mill. m<sup>3</sup>.

Rein is har sp. v. 0,91. Når is skal demma op vatn, må isdammen altso vera minst 1,1 gonger so høg som vatnet. Når Demmevatnet var opdemt 102,5 m, må breen minst ha vore 112,75 m høg, om den var av rein is. Men då breis alltid har luft i seg, måtte breen vera høgre enn dette. Stein

i isen vilde tynga breen, men Rembesdalsskåki har so godt som ikkje stein i seg. Opdemming til den teoretisk største høgd vil berre skje, om isdammen er so tett, at det går mindre vatn ut enn det kjem inn. Vatnet vil då stiga so høgt, at det tilslutt letter breen op. Breen vil flyta op som eit isfjell. Kann vatnet først letta breen øvst oppe, vil den enno lettare kunna gjera det lengre nedover, der trykket av vatnet er større. Vatnet vil derfor med eksplosiv kraft trenga seg fram under eller gjennom breen.

Det kann tenkjast tre ulike tilfeller for töming av ein slik sjø.



Fig. 3. Nedre Demmevatn set mot Rembesdalsskåki og Tresnuten juli 1937.  
Fotografi motteke frå ENDRE LISETH.

1. Vatnet finn tilstrekkeleg utlaup gjennom sprekker i breen eller millom breen og underlaget, før det har nått maksimalhøgda. Det vil då ikkje skje nokon katastrofe.

2. Vatnet vil nå maksimalhøgd men tömast berre eit stykke ned, til trykket har vorte so lite, at breen vert tett og etter kann halda vatnet inne. Breen verker då som ein trygdeventil. Slik var det i 1893.

3. Vatnet vil nå maksimalhøgd og tömast katastrofalt heilt til botn. Slik var katastrofen i år.

I Demmevatnet har vatnet til ymse tider gåt ut etter alle desse tre måtane. Til tider har det gåt jamt ut utan å nå maksimalhøgda. Etter P. A. MUNCH skjedde det vanleg katastrofer med 20 års millrom. Men i 1843 hadde det ikkje vore nokon katastrofe sidan 1813. Vatnet har då tömt seg jamt utan å nå maksimalhøgda. Å setta det i samband med breens auking eller minking er ikkje lett. Ein

skulde vel helst trū, at breen var mest utett, når den hadde størst rørsla, altso i aukingsperioder. På den andre sida kann det ogso forsvaast å segja, at om breen er utett, har den minst evne til å tetta seg, når rørsla er liten. Det siste høver med MUNCHS opfatting i 1843. Men elles rekner me stort set den første halvdelen av 19de hundradåret til 1860—70 som ein aukingsperiode.

I 1861 var det stor katastrofe. Om vatnet vart heilt tømt, veit me ikkje.

Etter meldingane frå katastrofen i 1893 sank vatnet 40—50 m. Av dette effektive magasin på 35 mill. m<sup>3</sup> var då dei 29 mill. tømde ut.

Ved reguleringa vart Demmevatnet lågna ned til tunnelhøgda 78,6 m over botnen, 2 m under midtre Demmevatn. I heile vårt hundradår har me derfor hatt tre Demmevatn, øvre og midtre med sine fjelltreskler og nedre Demmevatn med sin istreskel. Nedrevatnet hadde då ei overflate på 308 000 m<sup>2</sup> og vassmengd på 11,6 mill. m<sup>3</sup>, som no er effektivt magasin. Vassdragsvesenets reguleringsplan frå 1895 var prinsipielt heilt rett uttenkt, og om Rembesdals-skåki hadde vore no, som den var då, vilde det vel ikkje ha skjett nokon ny katastrofe.

#### *4. Det siste utbrotet.*

Årsaka til, at det no etter kan skje katastrofer, er, at breen har minka so mykje, at den regulerte høgd i Demmevatnet svarer til den maksimalhøgd, som breen no kann halda vatnet opdemt i. Til den regulerte høgda 78,6 m svarer brehøgda 86,5 m, d. v. s. breen skulde ha minka 26 m sidan 1895. Dei gamle sidemorenane tyder ogso på stor minking. Det er heilt truleg, at breen på den kritiske staden kann vera 26 m ishøgd svakare no enn i 1895. Denne minking av breane frå 1860—70 til no er eit velkjent fenomen overalt, ikkje berre i Norge. At katastrofane skjer i august kjem naturleg av, at vasstilsiget er stort samtidig som breen har minka mykje.

ENDRE LISETH i Demmevasshytta fortalte meg, at

utbrøtet 10. august i år begynte millom kl. 12 og 13. Han hørde bulder og brak nede frå skåki og trudde det kom av isbrot, som løyste seg frå breen i kanten ut mot vatnet. Seinare såg han, at vatnet tok til å minka. Før kl. 16 var det tømt. 11,6 mill. m<sup>3</sup> er altso gåt ut på ca. 3,5 timer. Det svarer til ei middels vassføring på 920 m<sup>3</sup>/sek, 50 % meir enn middels vassføring i Glåma. I desse ettermiddagstimane hadde Simodalen Norges største elv.



Fig. 4. Det tomme holet etter nedre Demmenvatn etter utbrøtet august 1937, sett mot Rembesdalsskåki. På austsida ser ein noko av ei strandlinje i den regulerte høgda. På botnen går elva. Bakerst står skåki med store nedfalne isfjell nedunder.

##### 5. *Det tomme vatnet.*

Den 20. august gjekk eg frå Finse over Dyrhaugane forbi Ramnabergnuten ned dalen bak Luranuten forbi øvre og midtre Demmenvatn, der den oppvarda turistvegen fører. Frå fjellryggen syd for midtre Demmenvatn såg eg ned i eit grått hol, der det nedre Demmeyatnet låg. Fig. 4 viser dette. I forgrunnen låg det isfjell på optil 15 m høgd. Ein ser dei på fig. 5, som er teke mot nord, den motsette vegen av fig. 4. Dei har flyte på vatnet og er truleg av vinden førde inn i nordste enden. Bakerst i sydenden ser ein skåki med isveggen, som før demde vatnet op. Den har mange

sprekker, og det er mest uråd for uvande folk å gå over skåki der no. Turistvegen, som før gjekk der, er no varda op, tildels bygd op i den bratte fjellsida av Luranuten på vestsida av Demmevatnet fram til Demmevasshytta.

Før me går vidare, vil me sjå på den isskurte fjelloverflata syd for midtre Demmevatn. Fig. 6 viser den set mot aust. Fjellformen her segjer, at det ein gong har vore isrørla nedover dalen frå nord mot syd. Det var under istida, då landet var opfyllt med is. Fjell som Hardangerjøkulen hadde då mindre istyngde enn det lægre landet omkring. Etter istida har det skjett ei invertering, omkverving i dei



Fig. 5. Nordenden av holet etter nedre Demmevatn med isfjell. Elva går no i foss frå fjellryggen. I bakgrunnen i nord ser ein midtre og litt av øvre Demmevatn.

glasilogiske tilstandane. Hardangerjøkulen er no eit aktivt iscentrum, som her sender ein bre ned mot vest, tvers på den leida, den gamle isrørla gjekk.

Går ein ned i det tomme vatnet, vil ein sjå, at det ikkje er nokon sjøsedimentformasjon på botnen, berre det vanlege morenematerialet med litt breslam på. Det er lite materialtilførsel her. Demmevatn får ikkje tillaupe frå nokon eigentleg skridjøkul. Av det materiale, som er kome ned, har dei grovere sediment vorte liggande att i dei øvre Demmevatna, og det finaste er sopt med flaumane ut i fjorden. I nedre Demmevatn har det aldri vore nokon stabil sedimentasjonsstilstand før reguleringa. Derfor ser ein heller ingen strandlinjer frå eldre tider. Men i den regulerte høgda er det frå 1899 utforma litt strandlinje, der materialet er

høvelegt for det. På fig. 4 ser ein eit stykke strandlinje i reguleringshøgda på austsida av vatnet.

Nede på botnen går elva no som i ein vanleg dal og har grave seg ei renne ned til skåki. Her går den inn under skåki i ein tunnel, som såg ut til å vera omtrent 5 m høg og omtrent like breid. Isveggen, som før demde vatnet, står bratt op og er full av sprekker. Isfjell store som hus er brotta ut, då vasstrykket vart borte, og ligg no i vilt kaos nedunder. Breveggen er mest å sjå som sida av breen med rørsla nedover mot Rembesdalen. Den har lite karakter av ein breende, og nokon stor rørsla ut mot Demmevatn



Fig. 6. Isskurt fjell ved sydenden av midtre Demmevatn set mot aust. Isrørsla har gått mot syd. Bergarten er skyvedekkets krystallinske skifer.

ser det ikkje ut til å vera. At det ikkje er nokon vanleg breende, viser også det, at vatnet går inn i breporten i staden for å koma ut.

#### 6. Flaumen.

Det har interesse å rekna ut, kor stort holet under breen måtte vera for å töma Demmevatnet i 3,5 timer. Eg gjorde først eit tilnærma overslag ved å rekna det som eit parabolisk kar. Den tid, det tar å töma eit slikt kar gjennom eit hol i botnen, er

$$t = \frac{2OH}{3mF\sqrt{2gH}}.$$

$O$  er overflata = 308 000 m<sup>2</sup>.  $H$  er høgda frå overflata til tyngdepunktet av holet = 76 m.  $F$  er flatetverrmålet av holet.  $m$  er ein faktor for bremsing av vatnet i kanten av holet. Den vil her ikkje ha stort å segja, og eg set den = 1. Tida  $t$  er 3,5 timer = 12 600 sek. Ein kann då finna

$$F = \frac{2 O H}{3 t \sqrt{2 g H}} = \frac{2 \cdot 308 000 \cdot 76}{3 \cdot 12600 \cdot \sqrt{2 \cdot 9,81 \cdot 76}} = 30 \text{ m}^2.$$

Seinare var bergmeister A. HOLMSEN so venleg å gjera meg opmerksam på vassdragsvesenets nye opmeling av Demmevatn. Avdelingsingeniør O. SOLEM viste meg det nye kartet med utrekna flatemål og gav meg velviljig alle dei opplysninger, eg hadde bruk for. Ved hjelp av det har eg gjort ei nøgjagtigare utrekning, lagt 8 horisontalplan med overflater  $O_1 — O_8$  i høgder  $H_1 — H_8$  over tyngdepunktet av holet og summert etter SIMPSONS regel, idet ein ogso her reknar kurvane som parabler. Ein får då

$$\begin{aligned} F &= \frac{H_1 - H_8}{3 \cdot 8 \cdot t \sqrt{2 g}} \left( \frac{O_1}{\sqrt{H_1}} + \frac{4 O_2}{\sqrt{H_2}} + \frac{2 O_3}{\sqrt{H_3}} + \frac{4 O_4}{\sqrt{H_4}} + \frac{2 O_5}{\sqrt{H_5}} + \frac{4 O_6}{\sqrt{H_6}} \right. \\ &\quad \left. + \frac{2 O_7}{\sqrt{H_7}} + \frac{O_8}{\sqrt{H_8}} \right) = \frac{75 - 5}{3 \cdot 8 \cdot 12600 \sqrt{19,62}} \left( \frac{30800}{\sqrt{75}} + \frac{4 \cdot 270000}{\sqrt{65}} \right. \\ &\quad \left. + \frac{2 \cdot 239000}{\sqrt{55}} + \frac{4 \cdot 196000}{\sqrt{45}} + \frac{2 \cdot 156000}{\sqrt{35}} + \frac{4 \cdot 108000}{\sqrt{25}} + \frac{2 \cdot 40000}{\sqrt{15}} \right. \\ &\quad \left. + \frac{0}{\sqrt{5}} \right) = 26,6 \text{ m}^2. \end{aligned}$$

Holet måtte ha eit flatetverrmål på 26,6 m<sup>2</sup> for å töma Demmevatnet i 3,5 timer, om holet var konstant under heile töminga. Dette stemmer med observasjonen, at holet no såg ut til å vera 5 m høgt og omtrent like breidt. Men denne overeinsstimminga er vel tilfeldig. For ein må tru, at holet var størst i førstninga av utbrotet og minka etterkvart som vasstrykket minka og bretrykket atter pressa holet saman.

Då heile vasstrykket stod på, var farten av vatnet gjennom holet  $v = \sqrt{2gH} = \sqrt{2 \cdot 9,81 \cdot 76} = 38,6$  m/sek. Med denne farten har det gjennom eit hol på  $26,6 \text{ m}^2$  gått ei vassmengd  $Q = Fv = 26,6 \cdot 38,6 = 1030 \text{ m}^3/\text{sek}$ .

Den første flaumstøyten har vel vore større. Men den maksimale flaumen kom ikkje direkte ned i Simodalen, for Rembesdalsvatnet jamna noko ut. Som før sagt var den midlere vassføringa  $920 \text{ m}^3/\text{sek}$ .

### 7. Rembesdalen og Simodalen.

Turen frå Demmesvasshytta ned i Simodalen er uvanleg interessant og vakker. Ein går først over skåki mot Tresnut. Her ser ein i fjellveggen mot vest dei undre laga av skyvedekket sterkt samanfolda. Frå sydsida av skåki må ein stiga op gjennom det morenemateriale, som breen har late etter seg i den siste minkingsperioden. Det kann enno vera is i det, og store steiner ligg ustøde.

Ein går vidare i fyllittformasjonens vakre slette lende med små runde hauger og koller og kjem deretter ned i grunnfjellets granitt med sine svaberg og bratte veger.

Elva frå Demmevatn går under skåki til noko nedanfor Tresnut. Her kjem ho ut i sydkanten av skåki og går i ein foss utfør eit stup i fri luft, går snart inn under skåki att og kjem ut i breenden ved Rembesdalsvatnet. I den seinare tida har breen gått so langt tilbake, at det er fritt land millom breenden og vatnet, der breen før gjekk ut i. Enno i 1860-åra levde det folk, som hadde set breen gå til midt på Rembesdalsvatnet, opplyser VIBE i første utgåva av Søndre Bergenhus amt, 1896. Gode fotografi av Rembesdalsskåki står i Bergens Museums årbok 1911, nr. 7 p. 46 og 47.

Det utsynet, som fig. 7 viser, er set frå ein granithaug litt nedanfor grensa millom fyllitten og grunnfjellet. Me har her i eit biletet eit stort kapitel av Norges geologiske historie.

Enno er det ikkje noko, som tyder på det storslegne syn, som om ikkje lenge skal åpna seg for augo. Men so med eit er det der. Ein står på kanten av ein veldig avgrunn. Her oppe er ein i fjellverda, der nede i avgrunnen 1000 m under ein er ei lita menneskeverd. Det er Simodalen med fjorden utanfor, Hardangerfjorden. Det breide faret etter flaumen lyser tvers gjenom skog og eng, som er rasert. Ein ser det i fig. 8. Korleis Simodalen såg ut før katastrofen er det gode postkort som viser.



Fig. 7. Utsyn mot nord frå vegn millom Demmevasshytta og Simodalen. Øvst tilhøgre er Luranuten av hard, krystallinsk, mest lys Stein, som ligg på den mørke opsmuldrande fyllitten. Fyllitten ligg på det gamle grunnfjell-peneplanet, og ein ser, at alle fjella i vest ligg under dette peneplanet. Fyllitten ligg på sin primære plass på grunnfjellet, men Luranuten hører til det overskovne dekke, som ved tektonisk rørsle er skove inn over fyllitten frå nordvest. Nedanfor Luranuten ser ein litt av Rembesdalsskåki, som går ned i Rembesdalens gamle brebotn. Der nede ligg Rembesdalsvatnet, som ein ikkje kann sjå her.

For å koma ned i avgrunnen må ein gå over Skykkjedalselva, som går utfor stupet i den namngjetne Skykkjefossen. Frå nord kjem Rembesdalselva i den like namngjetne Rembedalsfossen ned i avgrunnen. Det var her, skadeflaumen gjekk utfor, men det var berre nede i den flate dalbotnen, den kunde gjera skade.

Den gamle stølsvegen går ned til Tveit, den inste garden i Simodalen. På denne vegen har i uminnelege tider folk og fe ferdast millom gardane og stølane. Mange stader er det bygt trapper i fjellet, og steinane er glatte av generasjoners slit, norsk historie skriven i stein. Ettersom ein går nedover og varmen frå dalen strøymer ein i møte, ser

ein djupe gjuv i granitten, nokre fyllte med grot, andre åpne med bratte vegger. Slike gjuv og fjellvegger er karakteristiske for granitt. Heile Simodalen har sitt ophav frå slike granittgjuv, eldre enn den store istid.

Dei øvre gardane på Tveit ligg på ein havterrasse 115 m o. h., 40 m over elva. Ved slutten av siste istid gjekk fjorden




Fig. 8. Utsyn ned i Simodalen frå 1 000 m høgd. Ein ser flaumfaret ut til fjorden og elva, som ho no går. Midt i dalen, der flaumfaret er trongest, ligg Tveit. Nedst i dalen er Sæ.

so høgt op og so langt inn. Her har flaumen ikkje gjort so stor skade som på dei nedre gardane nede ved elva, der mykje jord og fleire hus er bortrivne. Heile køyrevegen ned til fjorden er borte. I den nedre enden litt ovanfor fjordbotnen ligg det ein stor grusrygg tvers over dalen, gjenomgraven av elva. So langt ut gjekk isbreen i slutten av siste istida, ja det er vel ikkje sikkert, at isen har nått lengre

ut i heile den siste istida. Flaumen har grave mykje ut av denne grusryggen, og Sæ-gardane, som ligg på den, har lide stor skade.

### *8. Kann me venta katastrofer i tida framover?*

Dertil er sikkert å svare ja. Vassdragsvesenet rekner 10 km<sup>2</sup> nedslagsfelt for Demmevatn. Nedburden er omkring 1200 mm pr. år. Det gjer 12 millionar m<sup>3</sup> vatn om året. Å fylla dei 11,6 mill. m<sup>3</sup> i det regulerte Demmevatn vil altso ta omrent eit år. Om breen tetner til ved midtvinter, skulde Demmevatn vera fullt somaren 1939, om breen er heilt tett. Me skulde då kunna venta eit utbrot i august 1939. Kjem det ikkje då, kann me venta det året etter.

Etter utbrotet 1893 skulde det attfyllast 29 mill. m<sup>3</sup>. Det gjekk då 3 år, før eit nytt utbrot kom.

Om Demmevatn i gamle dager vart heilt tømt, vilde det ta omrent 3 år å fylla dei 35 mill. m<sup>3</sup>, som det effektive magasin då var.

Simodalen er ei verdfull bygd med god jord og godt frukttdyrkingssklima og må trygdast mot ny skade. Det kann vera tale om å lågna Demmevatn endå meir ved ein ny tunnel. Den måtte gjera Demmevatnet so lite, at all fåre for framtida var borte, vil verta lang og dyr og kann vel ikkje verta ferdig til den tid, me kann venta eit nytt utbrot.<sup>1</sup>

Kor som er må derfor Simodalen laga seg til å taka mot ein ny flaum. Elva må få ha det, ho no har tatt. Det som må gjerast er å reinska op flaumfaret og legga steinen op langs begge sider både for å hindra jorda i å rasa meir ut og for å gje den næste flaumen fritt renn. Den nye vegn og bruane må vera bygde slik, at dei kann stå i ein flaum på 1000 m<sup>3</sup>/sek. Det er her som ved skred og ras og andre naturkatastrofer, at våre rådgjerder må stå i samhøve med naturens gang. Me kjem ingen veg ved å setta oss imot.

<sup>1</sup> I ein seinare diskusjon om saka i Norsk geologisk forening <sup>2/12</sup> 1937 sa vassdragsdirektør O. Rogstad, at om dei går igong fort, skulde dei kunna få ein slik tunnel ferdig i tide.

## 9. Andre bredemde vatn i Norge.

Fenomenet i Demmevatn er ikkje eineståande. Både i Norge og i andre land er det liknande bredemde sjøer. Eg vil her nemna nokre andre norske bredemde vatn, som er kjende.

Det best kjente er øvre Mjølkedalsvatn på vass-skilet millom Skogadalen og Bygdin. Det er opdemt av Mjølkedalsbreen og tømer seg periodisk, vanleg kvart anna år, under breen til nedre Mjølkedalsvatn og gjennom Mjølkedøla til Bygdin. Mjølkedalsvatnet skil seg frå Demmevatnet i det, at når Mjølkedalsvatnet er fullt, har det utlaup i den andre enden over fjellet. Vatnet går då gjennom Skogadalen til Utla, som går ned til Årdal i Sogn. Mjølkedalsvatn er soleis regulert frå naturens side. Når det likevel skjer utbrot, må det vera, fordi denne høgda svarer til den maksimalhøgda, breen kann halda vatnet oppe i. Vart breen stor nok, skulde det ikkje skje utbrot, og breen kann også verta so liten, at vatnet aldri går over til Skogadalen. Eg skulde tru, at det siste er tilfelle no.

Av same type som Mjølkedalsvatnet er Kollevatnet i Muldal i Sunnmøre. Det er opdemt av ein bre, som går ned i Illstivatnet. Frå Illstivatnet går Muldalselva ned til Muldal ved Norddalsfjorden. Her går det ofte store skadeflaumer. Overingeniør KRISTOFER OLSEN ved Vassdragsvesenets hovedstyre i Oslo har vore so venleg å gje meg alle dei opplysningene, som er å få.

Ved ein stor flaum i oktober 1930 vart elvefaret fyllt til både nede ved Muldalgardane og oppe ved Muldal- og Tafjordsætrane. Vassdragsvesenet sette seg då igong med å finna ut årsaka. Avdelingsingeniør SELMER og opsynsmann SANDAL gjorde hausten 1931 ei undersøking. I austenden av Illstivatnet fann dei ein bre, som sender ein grein mot nord og der ender i ein 45 m høg isvegg. Denne veggen demmer op ein sjø, Kollevatnet, millom to fjell. Når Kollevatnet stig so høgt, breen kann demma det op, får det utlaup mot aust til Ulvåen, som går til Rauma. Det er då opdemt 3,6 mill. m<sup>3</sup>. 14. august 1931 gjekk næste flaum. Illsti-

vatnet, som er 54 ha ( $540\,000\text{ m}^2$ ), er eit godt utjamningsbasseng, so flaumen ikkje steig over  $31\text{ m}^3/\text{sek}$ . Normal vassføring er 3 og normal flaum  $7\text{ m}^3/\text{sek}$ . Vassdragsvesenet har no gjort dette utjamningsbassenget enno meir effektivt ved å sprengje ei renne i fjellet, som normalt held Illstivatnet på eit lægre nivå.

Den 4de norske bredemde sjøen er Strupevatnet i Lyngen i Troms. Det er av same type som Demmevatnet, opdempt av Strupebreen i Strupeskaret. I literaturen er det første gong nemnt i Bergens fjellmannalags årsoversyn 1898. Etter RABOT er sjøen 3 km lang og er enno meir storslegen enn den kjende Märjelensee i Schweiz. Eg har sjølv ikkje sett sjøen, og om utbrota kann eg ikkje gje noko opplysning.

Ein bredemd sjø er også Brimkjelen i Tunsbergdalen ved Jostedalen i Sogn. Men denne sjøen ligg oppå sjølv breen, der ein sidebre kjem ned til Tunsbergdalsbreen. Utbrota går i august. Ein stor flaum gjekk 6. august 1900.

Me kjenner i ymse høve også andre tilfeller i Norge av flaumkatastrofer, som snø eller is på ein eller annan måte er årsak i.

I 1820 gjekk det ein katastrofal flaum i elva frå Vetlefjordsbreen i Sogn. C. DE SEUE forklarer det slik, at eit skred demde opp elva, som seinare braut seg gjennom demninga.

S. A. SEXE melder om to liknande katastrofer, den eine i Kjerringbotnen i sydenden av Folgefonna ein somardag omkring 1830, den andre i Buardalen på austsida av Folgefonna hausten 1857.

På ein annan måte skjedde katastrofen i Lausavatn på austsida av Folgefonna ovanfor Digranes ved Sørfjorden 19. februar 1849. SEXE tyder det slik, at store snømasser skreid ut i vatnet og derved dreiv flaumen i elva.

Interesserte vil finna meir om dette i P. A. ØYENS avhandlinger »Demmenvand«, Bergens Museums årbok 1894—95 og »Bidrag til vore bræegnes geografi«, Nyt mag. for naturv. 37, 1900.

For å ha omtalen av desse fenomen fullstendig må me også ta med vinterisganger i elver, som hos oss er serleg

kjende i Glåma. Når vatnet om vinteren vert avkjølt under frysepunktet, men elva har so urolegt laup, at det ikkje kann legga seg is på overflata, vil den is, som utkristalliserer, ofte slå seg ned på botnen og demma elva op. Store overfløyninger kann opstå på den måten, og når isdemninga brotner, kjem det flaumkatastrofer.

#### *10. Nokre bredemde sjør utanfor Norge.*

Ogso andre stader er bredemde sjør kjende, i Alpane, på Grønland og Svalbard, i Alaska og British Columbia.

Den best kjende er den namngjetne Märjelensee i Schweiz. Det er sjølve Aletschgletscher, den største bre i Alpane, som stenger ein sidedal, Märjelental, med ein 60 m høg isvegg. I gamle dager, då breen var større, kunde vatnet, om breen var tett, stiga so høgt, at det rann over til Fieschertal i aust. Vatnet kunde då ogso renna over det lægste av breen. Utbrotskatastrofer med töming under breen skjedde gjerne med 4—5 års millrom. Frå 1813 til 1900 var det 19 utbrot. I 1873 gjekk 10 mill. m<sup>3</sup> vatn ut på 8 timer, altso ikkje halvparten av flaumen i Simodalen. Flaumane kan merkast langt nedover Rhône. I 1894 vart sjøen regulert ved ein tunnel over til Fieschtal. Desutan er Aletschgletscher no so liten, at den kunde ikkje halda vatnet i den gamle høgda. Likesom ved Demmevatn er det no to sjør, ein øvre naturleg fjellsjø og ein nedre bredemt.

Märjelensee er vel no den einaste bredemde sjø i Europa utanfor Norge, når ein ikkje rekner med sjør, som kjem op på den måten, at smeltevatn frå breen sjølv vert liggande i groper millom breen og fjellet eller inne på breen. Slike er det overalt, mest små vasspytter. Men stundom er dei ikkje heilt små og kann då ha utbrotskatastrofer slik som dei ekte bredemde sjør. Ein slik stor sjø er Lac du Tacul nordaust for Mt. Blanc i Frankrike. Frå denne har det gått utbrotsflaumer ned i Vallé de Chamonix, soleis ein stor skadeflaum 3. august 1819. Lac du Tacul er vel noko liknande til Brimkjelen.

Men det er ikkje lenge sidan det var fleire bredemde sjør i Europa.

I Saastal i Schweiz var det langt inn mot slutten av 19de hundradåret ein bredemd sjø, Mattmarksee, opdemd av Allalingletscher. Breen når no ikkje ned til elva, so den gamle Mattmarksjøen er ikkje meir, men endemorenen demmer enno op ein liten sjø. Sjøen har vore 2,5 km lang og 30 m høgre enn no og var årsak i store flaumkatastrofer, som øydela gardane i Saastal. Ein utbrotsflaum i 1633 tok med seg 18 hus og 6000 tre. Store utbrotsflaumer er ogso kjende frå 1680, 1740 og 1772.

